

Babysong er for foreldre og babyar under 1 år. Felles for heile Kvam. Det vert songstund med lunsj etterpå som kyrkja lagar til.

Tid: 5 samlingar per semester.

Stad: Norheimsund kyrkje.

Pris: 150 kr. Påmelding på kyrkja si heimeside.

Småbarnstreff er for foreldre og born frå 1-5 år. Me har songstund, leikar og avsluttar med lunsj (medbragt niste).

Tid: annankvar måndag kl. 10-12

Stad: Norheimsund kyrkje

Pris: Gratis. Inga påmelding.

Småbarnssong Strandebarm vert arrangert når det er fleire enn tre foreldre som ynskjer å vera med. Ta gjerne kontakt med kyrkja om de ynskjer eit slikt arrangement. Opplaget høver for foreldre og born frå 0-3 år. Me har songstund, leikar og avsluttar med lunsj som kyrkja lagar til.

Tid: 4 samlingar per semester.

Stad: Strandebarm kyrkje.

Pris: 150 kr. Påmelding på kyrkja si heimeside.

Krølletreff er for 3-åringar. I Ålvik og Strandebarm for 2-4 - åringar pga. små årskull. Dei får klappa eit levande lam, høyre bibelforteljing, leite etter koselam som dei får med seg heim, samt ete graut til kvelds.

Soveposekonsert er for 2–5-åringar. Felles for heile Kvam. Vert arrangert i Norheimsund eller Øystese kvart fjerde/femte år. Borna

tek med seg sovepose og kosebamse, og får høyra godnatt-songar.

4 – årsbok: De vert inviterte til 4-årsgudsteneste (med utdeling av bok) og ei samling for borna i forkant. På samlinga syng me, leikar, høyrer bibelforteljing, tenner lys og et litt i lag.

6 – årsbok: Kyrkja ynskjer å vera med og markera store hendingar i livet til borna, som å byrja på skulen. Dei vert inviterte til ei samling i kyrkja med utdeling av bok. I Ålvik er denne samlinga knytt til gudsteneste i lag med dei som skal få 4-årsbok.

Kyrkjekontoret for Kvam ligg i Norheimsund kyrkje.

Telefon: 56 55 18 88

Ope måndag-torsdag frå 08.15—14.00

Adresse: Norheimsund kyrkje.

Postboks 39. 5601 NORHEIMSUND

Heimeside med informasjon og påmelding til arrangementa: www.kyrkja.no/kvam

Facebook med informasjon: Kyrkja i Kvam

7 til 18 år: Kyrkja har fleire arrangement for denne aldersgruppa, og meir vil koma i åra framover. Målet er at dei skal få invitasjon til eitt arrangement kvart år. Me har Legoklubben for 2. trinn, Tårnagent for 3. trinn, LysVaken med overnatting i kyrkja for 5. trinn, Kyrkjekino (Narnia) for 7. trinn, samt konfirmasjonstid og konfirmasjon.

I Strandebarm og Ålvik vert fleire årskull inviterte i lag til arrangementa pga. små kull.

Alle døypte born får invitasjon i posten til alle arrangementa, med unntak av småbarnstreff som er eit kontinuerlig tilbod. Det vert òg annonsert i lokalavisa.

De finn meir informasjon om arrangementa og påmelding på kyrkja si heimesida www.kyrkja.no/kvam

TRUSOPPLÆRING I KVAM



Velkomen til dåp i kyrkja!

Gjennom dåpen og dåpsopplæringa får barnet del i det som er størst av alt:
trua, håpet og kjærleiken



DEN NORSKE KYRKJA
Kvam